

Oppnemning av representantar frå helseføretaket til fast akuttutval

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
2016/07	Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal	09.02.2016

Saksbehandlar: Britt Valderhaug Tyrholm

Arkivreferanse: 2016/485

Forslag til vedtak:

1. Overordna samhandlingsutval ser det som viktig at det blir oppretta eit fast akuttutval slik det gjeng fram av delavtale 11 i samhandlingsavtala mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal.
2. Overordna samhandlingsutval tilrår at følgjande personer blir oppnemnt som faste representantar til utvalet: Seksjonsoverlege AMK Per Christian Juvkam, beredskapssjef Hans Olav Ose og seksjonsleder ambulanse Geir Grimstad.
3. Overordna samhandlingsutval ber om at det går ei oppmoding til regionråda om ei snarleg oppnemning av representantar til akuttutvalet. Overordna samhandlingsutval tilrår at den som blir oppnemnd har eit leiaransvar i høve til kommunal legevaktfunksjon.

Petter Bjørdal
leiar

Vedlegg:

Vedlegg 1: Samhandlingsavtale, 2015. Delavtale 11. Omforente beredsskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden.

Saksutgreiing:

Delavtale 11 (vedlagt) til Samhandlingsavtala « Omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden» har dette formål:

Gjennom denne delavtalen forplikter partene seg til i å videreføre og utvikle samarbeidet innenfor krise- og katastrofeberedskap, og i utvikling av den akuttmedisinske kjede. Når det gjelder samarbeid om akutthjelp for enkeltpasienter er dette omhandlet i andre delavtaler (3a, 3b, 5a og 5b).

Virkeområdet til delavtala:

Avtalen omfatter helse- og omsorgstjenestens ansvar og oppgaver i den akuttmedisinske kjeden, herunder krise- og katastrofeberedskap, og er avgrenset mot redningstjenester som ligger under Justis- og Politidepartementet v/ Hovedredningssentralen (HRS). Samvirkeprinsippet medfører dog at ressursene ved behov stilles til rådighet for HRS. Den akuttmedisinske kjede omfatter medisinsk nødmeldetjeneste, kommunalt helsepersonell i vakt, bil-, båt- og luftambulanser, nødmeldetjenesten, og mottak for akuttinnleggelse i kommuner og helseforetak.

I ny Nasjonal helse og sykehusplan (Meld.St.11 (2015-2016)) er den akuttmedisinske kjede utvidet til også å omfatte heimesjukepleie, øyeblikkelig hjelp døgntilbud m.v. Det blir slått fast at kommunane og dei regionale helseforetaka skal sikre ein hensiktsmessig og koordinert innsats i dei ulike tenestene i den akuttmedisinske kjeden. Det synes derfor å være på høg tid å få etablert eit akuttutvalg slik det framgår av samhandlingsavtala. I delavtala er akuttutvalet omtala slik:

6 Akuttutvalg

Overordnet samhandlingsutvalg setter ned et fast akuttutvalg med 3 representanter fra Helseforetaket og 1 representant fra hvert av regionrådene etter forslag fra kommunene. Utvalget skal bidra til å gjennomføre partene sine plikter i samsvar med punkt 4 og 5 i denne delavtalen.

Utvalget konstituerer seg selv og avtaler arbeidsfordeling.

Det har vore gjort ei vurdering i helseforetaket og ein tilrår at følgjande personar blir oppnemnd til akuttutvalet: Seksjonsoverlege AMK Per Christian Juvkam, beredskapssjef Hans Olav Ose og seksjonsleder ambulanse Geir Grimstad.

Dei tre er førespurt og har stilt seg positive til å delta i akuttutvalet. Det vil bli retta ei henvending til dre tre regionråda, der ein ber om ei snarleg oppnemning av ein person frå kvart regionområde til å representere i utvalet og medverke til realisering av partane sine plikter slik det går fram av avtala. Ein vil også be om at slik representant blir valt frå den kommunale akuttmedisinske kjede, og helst frå ansvarlege for legevaktsentralfunksjonen.